



GLOPPEN KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN

RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR GLOPPEN KOMMUNE 2020-2023




Foto: Siv K. Haugen

**Kommunestyret
29. april 2020**

Tillegg om nettsal vedtatt 13. desember 2021

INNHALD

Samandrag	4
1 Bakgrunn og formål med planen	5
1.1 Føringer	5
1.2 Definisjonar og avgrensingar	9
Del I – Rusmiddelpolitisk del.....	10
2. Rusmiddelsituasjonen i Norge	10
2.1 Alkoholbruk i Norge	10
2.2 Ulovlege rusmidlar i Norge	14
3. Rusmiddelsituasjonen i Gloppen.....	16
3.1 Kort om levekår	16
3.2 Ungdom og rus i Gloppen.....	16
3.3 Vaksne og rus i Gloppen.....	18
3.4 Omsetning av alkohol i Gloppen	19
4. Mål og strategiar	21
5. Befolkningsretta arbeid	22
5.1. Gode møteplassar – sosialt tilhøyre	22
5.2 Av-og-til og alkovett.....	23
5.3 Rusførebyggjande tiltak – barn og unge	25
5.4 Befolkningsretta tiltak i planperioden.....	29
6. Barn og unge i risikogruppe	30
6.1 Betre tverrfagleg Innsats (BTI).....	30
6.2 LOS-ordninga	32
6.3 Andre tiltak mot barn og unge i risiko	33
6.4 Barn og unge i risiko – tiltak i planperioden.....	34
7. Tenester til rusavhengige.....	35
7.1 Omsorg, behandling og ettervern – ulike tenester sitt ansvar	35
7.2 Tiltak for å styrke samarbeid og samhandling	35
7.3 Deltaking, arbeid og aktivitet for rusavhengige.....	36
7.4 Bustader til rusavhengige.....	36
7.5 Ettervern og pårørandegruppe.....	36
7.6 Tiltak retta mot rusavhengige i planperioden	37
Del II – Løyvepolitisk del	38
8 Kommunen sin løyvepolitikk	38
8.1 Løyveperiode	38
8.2 Forklaring på ulike tidsavgrensa løyve	38
8.3 Behandling av søknader	38
9 Salsløyve for øl.....	39
10 Skjenkeløyve	40
10.1 Skjenkeløyve for øl og vin	40
10.2 Skjenkeløyve for brennevin	40
10.3 Løyve for eit enkelt høve, utvida skjenking og ambulerande løyve	41
10.4 Skjenketider for øl, vin og brennevin	41
11 Sal og skjenking av eigenproduksjon.....	42
12 Gebyr for sal og skjenking	42
13 Kunnskapsprøve om alkohollova	42

14 Kontroll med sals- og skjenkeløyve	43
14.1 Reaksjonar ved ulovleg sal og skjenking	43
14.2 Reaksjonar ved andre regelbrot.....	45
15 Skjenking i kommunale bygg m.m.	45

SAMANDRAG

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Gloppen skal dekke heile det rusfaglege området, både førebygging, skjenke- og bevillingspolitikk og innsats retta mot etablert rusproblematikk. Målet for rusmiddelpolitikken i Gloppen er å førebygge og redusere negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmiddel, for den enkelte og for samfunnet. Vi skal ha særleg fokus på foreldra si rolle, og på ungdom. Ein viktig del av dette er å sikre at så mykje som råd av alkoholomsetninga i Gloppen skjer på ein lovleg og trygg måte.

Planen er, etter eit felles kapittel om bakgrunn og føremål, delt i to hovuddelar:

I: Rusmiddelpolitisk del

II: Løyvepolitisk del

Den ruspolitiske delen av planen er delt i tre fokusområde, både når det gjeld mål og tiltak:

- **Heile befolkninga – universelle mål og tiltak.** Her blir gode sosiale møteplassar og samarbeid med alkovett-organisasjonen Av-og-til løfta fram, saman med det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge.
- **Barn og unge i risikogruppe.** Her omtalast to nye satsingsområde i kommunen, Betre tverrfagleg innsats og ungdoms-los, samt andre tiltak mot barn og unge i risikogrupper.
- **Tenester til rusavhengige.** Denne delen er for ein stor del ei vidareføring av førre plan, med unntak av at psykisk helseteneste har overtatt hovudansvaret for oppfølginga av dei rusavhengige frå NAV.

Den løyvepolitiske delen av planen er oppdatert etter endringar i alkoholova og forskriftene.

I tillegg er det gjort følgjande endringar samanlikna med planen for perioden 2016-2019:

- Ved brot på alkoholova skal kommunedirektøren tildele prikkar etter «prikkssystemet» i alkoholforskrifta § 10-3. I førre plan var det formannskapet som hadde mynde til å tildelte prikkar, men det har ikkje vore tildelt prikkar i Gloppen så lenge prikkssystemet har eksistert.
- Arrangement der barn og ungdom under 18 år er i målgruppa skal ikkje gjevast skjenkeløyve.
- Det blir høve til å søke om sal ved enkelthøve, til dømes under Matamål.

1 BAKGRUNN OG FORMÅL MED PLANEN

Alle kommunar skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan, jamfør [alkohollova](#) § 1-7d. Det er naturleg å inkludere andre rusmiddel i same plan då bruken ofte heng saman med alkoholbruk. Planen skal vere eit verktøy for tverrfagleg innsats og gjere det lettare å sjå løyvepolitikk, førebyggjande innsats og tiltak mot etablert rusproblematikk i samanheng. Planen vart sist revidert av kommunestyret den 26. september 2016.

Planen skal gi retningslinjer for kommunen sin løyvepolitikk, der målet er å sikre at så mykje som råd av alkoholomsetninga i Gloppen skjer på ein lovleg og trygg måte. Servering og sal av alkohol kan gi inntekter, arbeidsplassar og trivsel i kommunen, men det kan også føre til store problem. Kommunen, politiet og utelivsbransjen er saman ansvarleg for å gje innbyggjarane gode og trygge møteplasser, og å redusere rusrelaterte skader og ulykker.

Målet for rusmiddelpolitikken i Gloppen er å førebygge og redusere negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmiddel, for den enkelte og for samfunnet.

Vi skal ha særleg fokus på foreldra si rolle, og på ungdom.

Planen skal reviderast ein gong i kvar kommunestyreperiode, og gjeld i 4 år frå den datoen den er vedteken. Folkehelsekoordinator har skrive planen i samarbeid med servicetorget som administrerer løyvesakene.

Rusfagleg forum har vore involvert i planarbeidet. Rusfagleg forum er ei tverrfagleg gruppe som skal ha oversikt over utfordringar på rusfeltet og sørge for at desse vert følgde opp. Forumet har også ansvar for Av-og-til-satsinga i Gloppen. Desse er med i forumet: oppvekstsjef, helse- og omsorgssjef, lensmann, kommunelege 1, fritidsleiar og representant for barneskule, ungdomsskule, Firda VGS, barnehage, barnevern, helsestasjon, NAV og psykisk helseteneste. Koordinator for «Trygge lokalsamfunn» møter i forumet ved behov. Folkehelsekoordinator leier arbeidet, og forumet har møte minst to gongar i året.

1.1 FØRINGAR

1.1.1 LOVVERK

Lov om folkehelse stadfestar kommunen sitt ansvar for å fremje helse og gode sosiale forhold, bidra til førebygging, utjamne sosiale skilnader og beskytte innbyggjarane mot forhold som kan ha negativ innverknad på helsa. Kommunen har vidare ansvar for å ha oversikt over innbyggjarane sin helsetilstand gjennom systematisk kartlegging og lokale vurderingar.

Lov om helse og omsorgstenester gir kommunen ansvar for førebygging av sjukdom, skade og sosiale problem. I same lov er kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester forankra, inkludert tenester innan rusområdet.

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga pålegg kommunen, ved NAV, å skaffe seg oversikt over rusituasjonen og følge opp brukarar med rusproblem med samordna tiltak. Dette inneber økonomisk bistand, aktivitets- og kvalifiseringstiltak, midlertidig butilbod og meir spesifikke rustenester. Begge dei siste lovene gir kommunen eit ansvar for å medverke til at vanskelegstilte får tilbod om bustad.

Lov om pasient- og brukarrettigheter har fokus på brukaren sin rett til behandling og oppfølging.

Lov om psykisk helsevern skal sikre at psykisk helsevern skjer på ein forsvarlig måte i samsvar med rettstryggleik, og med utgangspunkt i pasienten sine behov og respekten for menneskeverdet.

Lov om barnevernstenester har som formål å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Lov om spesialisthelsetenesten gir andrelinetenesta ansvar for å fremje helse og førebygge skade og sjukdom i forhold til si målgruppe, og for folkehelse gjennom overvaking og kunnskapsdeling. På rusfeltet har dei ansvar for tilbod om tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), akutthjelp og gjennom tiltak i Legemiddelassistert rehabilitering (LAR).

Lov om omsetting av alkohol sitt formål er å avgrense samfunnsmessige og individuelle skader av alkoholbruk, og som et ledd i dette, sikter lova på å avgrense forbruket av alkoholhaldig drikkevarer.

§

1.1.2 ANDRE NASJONALE FØRINGAR

Regjeringa utformar rusmiddelpolitikken på nasjonalt nivå og legg fram stortingsmeldingar, strategiar og handlingplanar. Innhaldet vil variere noko med ulike regjeringar, men det er brei semje om at hovudmålet i [norsk alkoholpolitikk](#) er å redusere dei negative konsekvensane rusmiddelmisbruk har for enkeltpersonar, tredjepersonar og samfunn.

Norge har ein restriktiv alkoholpolitikk samanlikna med dei fleste europeiske land. Dei viktigaste verkemidla er:

- Løyvesystemet
- Vinmonopolordninga
- Reklameforbodet
- Aldersgrenser
- Avgiftspolitikken

Regjeringa slutter opp om Verdas Helseorganisasjon sitt globale mål om 10 % reduksjon i skadeleg alkoholbruk innan 2025, og har eit lågt gjennomsnittsförbruk av alkohol som mål.

Viktige innsatsområder er:

- Ansvarleg alkoholhandtering
- Tidleg innsats
- Rusmiddelførebygging i arbeidslivet
- Rusmidlar og eldre

Målet med [norsk narkotikapolitikk](#) er å redusere problematisk bruk av narkotika gjennom effektiv og universell førebygging, tidlig innsats, behandling og oppfølging. Politikken skal motverke eksperimentering og rekruttering, særleg blant barn og unge, samtidig som den skal bidra til gode teneste og tilstrekkeleg hjelp til rusavhengige.

[Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn](#) St.mld. 19 (2018-19) legg særleg vekt på:

- Tidleg innsats for barn og unge
- Førebygging av einsemd
- Mindre sosial ulikskap i helse

[Opptappingsplan for rusfeltet 2016-2020](#) har fem overordna mål:

- Sikre reell brukarmedverknad gjennom fritt behandlingsval, fleire brukarstyrte løysingar og sterkare medverknad i utforming av tenestetilbodet.
- Sikre at personar i fare for å utvikle rusproblem blir fanga opp og får hjelp tidleg.
- Alle skal møte eit tilgjengeleg, variert og heilskapleg tenesteapparat.
- Alle skal ha eit aktivt og meningsfylt liv.
- Utvikle og auke bruken av alternative straffereaksjonar og straffegjennomføringsformer.

[Rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne \(2014\)](#) legg særleg vekt på:

- Tenestene skal vere organisert med et bruker- og mestringsperspektiv
- Tenestene og tenestenivåa skal samarbeide om heilskaplege og koordinerte tenester
- Å sjå psykisk helse og rus i samanheng

1.1.3 KOMMUNALE PLANER

[Samfunnsdelen i kommuneplanen 2018-2030](#) tar sikte på å fremme rike og rause livsmiljø der «*alle har ein kvardag der dei blir sett og rekna med, og får høve til å delta og bidra ut i frå sine føresetnader*». Å skape eit inkluderande og raust samfunn med gode møteplassar er det beste vi kan gjere for å førebygge mange ulike helseproblem, og også problem knytt til rus. Dette er i tråd med folkehelsemeldinga si satsing på å førebygge einsemd og sosial ulikskap.

Vidare legg samfunnsdelen vekt på tidleg innsats. Vi skal gripe fatt i utfordringane før dei veks seg store, og vi skal førebygge framfor å reparere. Innan rusfeltet inneber dette å ha fokus på og kunnskap om å avdekke rusproblem, samt kompetanse og rutinar for å følge opp det vi avdekker. Gloppen kommune har i samarbeid med KoRus Vest laga eit system for [betre tverrfagleg innsats](#) inn mot barn, unge og familiar som tilsette eller andre kjenner på ei uro for.

I [helse- og omsorgsplanen frå 2018](#), kap. 6.2.1 «Menneske med rusproblem» ligg ei skildring av russytuasjonen i Gloppen og tiltak som også er i tråd med dei nasjonale føringane. Mange av tiltaka i denne planen er henta frå helse- og omsorgsplanen.

- Auke kunnskap i befolkninga om kva vi alle kan gjere for å styrke både eiga og andre si psykisk helse. Mellom anna gjennom informasjonsarbeid om tenestene og høve for å få hjelp ved lettare psykiske plager og/eller rusproblem.
- Styrke det tverrfaglige samarbeidet på tvers av sektorar og tenester, og auke kjennskapen til kva dei ulike einingane kan bidra med.
- Utvikle felles kommunepsykologteneste i Nordfjord i lag med dei andre kommunane.
- Vidareutvikle lågterskeltilbod for dei som har lettare psykiske plager og/ eller rusproblem så tilbodet vert aktuelt å nytte for ei større brukargruppe.
- Utvikle gode gruppetilbod for brukarar med psykiske lidningar.
- Utgreie om det er aktuelt å omorganisere seg slik at tilsette frå psykisk helseteneste er tilgjengelege også på kveld og helg.
- Sjå på høve for å utvide dagens bukollektiv for menneske med psykiske helseproblem og omfattande behov for helse- og omsorgstenester.
- Vurdere å etablere omsorgsbustader der brukarar kan bu ein periode for å trene opp buevne.
- Utvikle kommunalt akutt døgntilbod (KAD-plassane) på omsorgssenteret slik at dette vert eit godt tilbod for menneske med den aktuelle målgruppa med psykiske helseproblem og/eller rusproblem.
- Sjå på aktuelle løysingar for bustad for innbyggjarar med rusproblem, manglande buevne og behov for helse- og omsorgstenester.

- Sikre kompetanse på fagområda psykisk helse og rus gjennom vidareutdanning for dei tilsette og rekruttering av nytilsette.
- Auke kompetanse på pårørandearbeid innan rusfeltet, og undersøkje om det er behov og ønskje om å etablere ei pårørandegruppe.

Både samfunnsdelen og helse- og omsorgsplanen slår fast at vi skal halde fram med å jobbe systematisk med skade- og ulykkesførebygging. God oppfølging av regelverk for sal og skjenk av alkohol er ein viktig del av dette, då mange ulykker skjer i ruspåvirka tilstand.

Samfunnsdelen løfter også fram utvikling av småskalaturisme og kortreiste matopplevingar som god reiselivs- og næringspolitikk. Vilkåra for dei som produserer og sel alkoholhaldig drikke er ein del av dette.

1.2 DEFINISJONAR OG AVGRENSINGAR

Rusmiddelmissbruk omfattar både alkohol-, pille- og narkotikamisbruk. Alkohol er lovleg når det vert produsert og omset etter regelverket og brukt av personar over 18 år. Narkotika er stoff som er illegale både å framstille, omsetje, inneha og bruke uavhengig av alder. Pillar og andre legemiddel kan vere både legale (føreskrivne av lege) og illegale.

Ruspolitisk handlingsplan legg størst vekt på alkohol, sidan det er dette rusmidlet som blir mest brukt og som skaper dei største sosiale problema i landet vårt.

Det finst også andre stoff og aktivitetar som kan gjere personar avhengige på same måte som rusmiddel: tobakk, pengespel, dataspel, nettsurfing og speleautomatar. Desse vert ikkje omhandla i denne planen.



DEL I – RUSMIDDELPOLITISK DEL

Vi skal førebygge framfor å reparere

2. RUSMIDDELSITUASJONEN I NORGE

Kjelder: Folkehelseinstituttet [Alkoholbruk i den vaksne befolkninga](#), [Alkoholbruk blant unge](#) og [Alkoholomsetning i Norge](#)

2.1 ALKOHOLBRUK I NORGE

Alkoholbruk er vanleg i Norge. For mange representerer alkohol eit innslag til hygge, gjerne saman med gode vener og god mat. For andre representerer det eit stort problem. Åtte av ti over 16 år har drukke alkohol siste året, og om lag halvparten har drukke seks eller fleire alkoholeiningar ved same anledning siste året. Dette nivået har vore stabilt sidan 2012. Tre av fire drikk kun i helgane, gjennomsnittleg drikkefrekvens er 40 gongar i året, det vil seie nesten kvar helg. Statistisk korrelerer høg utdanning og inntekt med at ein drikk ofte, men at ein sjeldnare drikk seks eller fleire einingar ved same anledning.

Ei alkoholeining tilsvarar ei flaske (0,33 l) øl/cider/rusbrus, eit glas vin (1,5 dl) eller ein drink brennevin (4 cl). Å drikke seks eller fleire einingar ved same anledning gir auka skaderisiko. I figur 1 under ser vi at dei eldre drikk oftare enn dei yngre, men dei yngre har eit meir risikofylt drikkemønster.


I 2019 drakk 34 % av alle over 16 år i Norge alkohol minst ein gong i veka, 39 % av menn og 28 % av kvinner. 5 % har drukke minst seks alkoholeiningar ved ei anledning kvar veke, dette gjeld 7 % av menn og 3 % av kvinner. Menn drikk både meir og oftare enn kvinner.



Figur 1. Alkoholbruk. Kjelde: SSB, 2019-tal, [tabell 12392](#).

Sidan 1990-talet har det registrerte alkoholforbruket auka med cirka 40 prosent, og mest blant kvinner og eldre. Det er likevel framleis menn som drikk mest. I gjennomsnitt drikk nordmenn over 15 år ca. 7 liter rein alkohol i året. I tillegg kjem alkoholinntak under opphald i utlandet, og inntak frå heimeprodusert eller smugla alkohol. Figur 2 under viser den registrerte alkoholomsetninga frå 2008 til 2018 i rein alkohol pr. innbyggjar over 15 år. I tillegg til tala i figuren kjem den uregistrerte omsetninga frå taxfree-sal og grensehandel, som for 2018 var berekna til 0,77 l pr. innbyggjar over 15 år.

04188: Omsetning av alkoholholdige drikkevarer, etter type drikkevare og år. Alkoholliter per innbygger 15 år og over.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


Figur 2: Alkoholliter per innbygger over 15 år.

Alkoholbruk er ei av dei viktigaste risikofaktorane for tap av friske leveår i befolkninga. Både eit høgt alkoholinntak pr. gong ein drikk og eit høgt inntak over tid aukar risikoen for ei lang rekke helseproblem, samt sosiale problem for brukaren sjølv og andre. Fagmiljøa reknar med at for kvar rusmiddelavhengig vil ca. 15 personar få redusert livskvaliteten sin.

Frå 1996 til 2018 falt tal på alkoholutløyste dødsfall med 25 %, sjå figur 3. Målt opp i mot befolkningsveksten har det vore ein markant nedgang. 80 % av tilfella er knytt til langvarig og høgt alkoholinntak. Tala i figuren omfatter ikkje ulykker og overfall der rusmiddel var involvert, men dei omfatter sjølvdrap der rusbruk var underliggende årsak.

Bruk av alkohol og andre rusmiddel er ein av dei viktigaste årsakene til trafikkulykker. Rus var medverkande i 21 % av alle dødsulykker i perioden 2005-2011, og her er det truleg store

mørketal då ikkje alle trafikkdrepte blir undersøkt med tanke på dette. Alkohol er det rusmidlet som aukar risikoen mest. Omlag 30 % av omkomne bilførarar var påverka av alkohol. Ei auke i promille frå 0,2 til 0,5 i promille doblar risikoen for ei ulykke, ei auke frå 0,5 til 0,8 gir åtte gongar så høg risiko og ei auke frå 0,8 til 1,3 gir heile 87 gongar så stor risiko. (Kjelde: Av og til og Trygg trafikk)




Antall alkohol- og narkotikautløste dødsfall i Norge 1996-2018. Datakilde: Dødsårsaksregisteret statistikkbank, FHI.. Diagram:

Figur 3: Dødsfall som skuldast alkohol og narkotika


Totalkonsumet av alkohol i befolkninga heng tett saman med omfanget av alkoholrelaterte problem. Dei mest effektive tiltaka for å avgrense alkoholkonsumet og skadeverknader er høge prisar og avgrensa tilgjenge. Dette vert i stor grad ivareteke av alkohollova, jamfør kap. 1.1. Ein annan viktig førebyggjande faktor er å fremje tilhøyre og deltaking i lokalsamfunnet for alle, også marginaliserte grupper. Andre viktige førebyggjande strategiar er haldningsskapande arbeid, og tidleg innsats der problem har oppstått.

Ungdom

Ungdom er ei særleg sårbar gruppe med tanke på alkoholen sin verknad. Trass aldersgrensa på 18 og 20 år for å få kjøpe øl/vin og brennevin, debuterar fleirtalet av norske ungdomar med alkohol før dei fyllar 18 år. Mange under 18 år har også erfaring med det å bli berusa.



Figur 4 under viser at andelen ungdomsskuleelevar som har vore rusa på alkohol siste året har gått ned sidan 2011, men auka frå 2017 til 2018. Når det gjeld elevar i VGS aukar andelen jenter som har vore rusa på alkohol siste året, mens andelen gutar er stabil.




Figur 4: Tydeleg berusa siste år, Kjelde: [Ungdata, nasjonale resultat 2019](#)

Andelen norske 15-16-åringar som har drukke alkohol siste året er lågare enn i andre land i Europa, og dei i aldersgruppa som drikk, gjer det sjeldnare. Men når norske ungdomar først drikk, drikk dei meir pr. anledning enn europeiske 15-16-åringar. Det same mønsteret ser vi i Sverige og Finland også, mens 15-16-åringane i Danmark drikk både ofte og mykje.

Statistikken viser at jo seinare dei unge debuterar med alkohol, jo mindre drikk dei. Å heve debutalderen er derfor eit sentralt mål i det førebyggjande arbeidet retta mot ungdom.


2.2 ULOVLEGE RUSMIDLAR I NORGE

Ulovlege rusmidlar kan vere både narkotika og legemidlar. Narkotika er stoff som er illegale både å framstille, omsetje, inneha og bruke uavhengig av alder. Pillar og andre legemiddel kan vere både legale (føreskrivne av lege) og illegale. Av narkotiske stoff er cannabis det mest brukte i både i Norge og i andre vestlege land. Av figur 5 under kan vi sjå at 23 % av befolkninga har brukt cannabis minst ein gong, og at 5 % har brukt det i løpet av dei siste 12 mnd. Her er klare kjønsskilnader: 28 % av menn og 19 % av kvinner har brukt cannabis, 7 % av menn og 3 % av kvinner har brukt cannabis siste 12 mnd.



Figur 5: Cannabisbruk, Kjelde: SSB, 2019-tal, [tabell 12392](#).

Talet på straffereaksjonar for narkotikalovbrot i Norge auka fram mot 2014, men har gått ned dei seinare åra.



Figur 6: Straffereaksjonar for narkotikalovbrot, kjelde: SSB

Tal narkotikadødsfall har auka, jmf. figur 6, men det har og vore befolkningsvekst som det ikkje er justert for. Narkotikadødsfall delast i overdosedødsfall/forgiftningsulukkar (73 %), sjølvdrap (18 %) og dødsfall der årsaka er psykiske lidningar/åtferdsforstyringar utløyst av rusmisbruk (8 %).

Ungdom og ulovlege rusmidlar

I Ungdata (2019) har 4 % av ungdomsskuleelevane og 14 % av elevane på vidaregåande oppgitt at dei har brukt cannabis det siste året. Ei feilkilde her er at berre skuleelevar er omfatta av undersøkinga, dei som av ulike årsaker har droppa ut er ikkje med. Andelen aukar jamt med alderen, og fleire gutar enn jenter har brukt cannabis i alle alderstrinn.



Figur 7: Bruk av hasj og marihuana. Kjelde: [Ungdata, nasjonale resultat 2019](#)

Cannabisbruken blant ungdom var stabil fram til 2016, men har auka noko dei siste åra. Også andelen som seiar at dei har vorte tilbydd cannabis har auka markant. Det er ein samanheng mellom cannabisbruk og psykiske plager, dei som er mest plaga er også oftast dei som har erfaring med hasj og marihuana.

3. RUSMIDDELSITUASJONEN I GLOPPEN

Kjelder: Ungdata 2017, [folkehelsebarometeret 2019](#), [Kunnskapsgrunnlag om helse og trivsel 2019](#)

3.1 KORT OM LEVEKÅR

Gloppen kommune har 5836 innbyggjarar (2019) og har dei siste åra har hatt forsiktig folketalsvekst. Dette skuldast hovudsakleg ei auke i tal arbeidsinnvandrarar og flyktningar, som i større grad enn tidlegare blir buande her etter introduksjonsprogrammet. Vi ser og ei gledeleg utvikling i at fleire flyktningar kjem seg ut i arbeid. Vi har låg arbeidsløyse i Gloppen, 1,1 % mot 2,3 % i Norge i 2019. Dei siste fem åra er andelen mottakarar av uføreytelsar i aldersgruppa 18-44 år redusert frå å ligge over fylkes- og landsgjennomsnittet til å ligge rett under på 2,6 %. Andelen mottakarar av stønad til livsopphald i aldersgruppa 20-29 år er på kring halvparten (4,2 %) av landsgjennomsnittet (8,1 %). Vi har lågare fråfall frå VGS enn fylkes- og landsgjennomsnittet. Barnefattigdomen aukar i Gloppen, som elles i Norge, men vi ligg litt under landsgjennomsnittet. I følge Ungdata-undersøkinga frå 2017 er andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er fornøgde med lokalmiljøet er høgare enn landsnivået, og fleire er med i ein fritidsorganisasjon. Nordfjord Folkehøgskule med sine kring 130 elevar og Firda VGS med sine kring 180 hybelbuarar gjer Gloppen til ein ungdomskommune. Dette syner ikkje igjen i statistikk over folketal fordi dei færraste av elevane melder flytting hit. Likevel har dei rett på, og nyttar seg av, kommunale tenester.

Levekår i Gloppen blir grundigare omtalt i kunnskapsgrunnlaget om helse og trivsel, - sjå link først i kap. 3.


3.2 UNGDOM OG RUS I GLOPPEN

Ungdata gav oss eit godt innblikk i rusbruk blant ungdom i 2017. Generelt var det gode tal samanlikna med fylkes- og landsgjennomsnittet. Rusfagleg forum, som følger nøye med på utviklinga, bekrefter at det er langt mindre rusrelaterte problem blant ungdom no enn det var for eit tiår sidan. Samtidig peikar forumet på at dette kan endre seg fort. Det er derfor viktig å halde fram det rusførebyggjande og haldningsskapande arbeidet som vert gjort ved skulane. I det førebyggjande arbeidet må vi vere bevisste samanhengen mellom psykiske problem og rus.

Ungdata viser at ein betydeleg del av ungdomane har vore i vanskelege situasjonar i samband med bruk av alkohol. 13 % av Firdaelevane oppgav i 2017 at dei hadde hatt uønska

seksuelle opplevingar, og 29 % hadde opplevd å gå gjennom ein trist periode i samband med å ha drukke alkohol. 26 % hadde vore så berusa at dei hadde vore på ein plass dei ikkje hugsar korleis dei kom seg til.

Alkoholbruken aukar med alderen, den største auken skjer mellom 10. klasse og Vg1 (sjå figur 8 under). I Vg1 ser vi ei nokså jamn tredeling mellom dei som ikkje drikk alkohol, dei som drikk av og til og dei som drikk 1-3 gongar i månaden. Det er få som oppgir at dei drikk kvar veke.



Figur 8: Alkoholbruk fordelt på klassetrinn, kjelde: Ungdata 2017

Samanlikna med fylket ser vi at færre ungdomsskuleelevar i Gloppen drikk alkohol, og færre har vore rusa på alkohol. Firdaelevane er på nivå med fylket. Det ser altså ikkje ut til at det er meir bruk av alkohol blant firdaelevane totalt sjølv om skulen har mange hybelbuarar.



Figur 9: Alkoholbruk siste året, Gloppen og Sogn og Fjordane, kjelde: Ungdata 2017

Samanlikning av hybelbuarar og heimebuande i Gloppen viser likevel at hybelbuarane i større grad oppgir at dei har vore rusa på alkohol siste 6 mnd, og fleire enn heimebuande har opplevd problem i samband med alkohol, til dømes hatt ein trist periode eller uønska sexuelle opplevingar.

Det kan vere teikn til at rusbildet blant ungdom er i ferd med å endre seg. Det verker å vere meir kontakt mellom dei eldste på ungdomsskulen og hybelbuarar. Dette kan gjere at ungdom som ikkje er gamle nok lettare testar ut alkohol. Det kan oppstå press, og det er ein samanheng mellom tidleg rusdebut og risiko for uønska hendingar. Ungdomsrådet og elevrådet ved ungdomsskulen peikar på at ungdom ikkje har nokon møteplass på kveldane og i helgane. Dei som driv med idrett har sine arena å treffast på, men dei andre har ikkje nokon plass der dei kan treffast og berre vere i lag. Ungdomsrådet ønsker seg ein slik møteplass, noko som kan vere ei trygg ramme for kontakt mellom ungdom i ulik alder.

I samband med festane som VGS-elevane arrangerer på Gimle er det mange ungdomar som drikk alkohol. Her er politiet er til stades og samarbeider med arrangørar og vakter. Det kjem ungdom frå andre plassar til desse festane, m.a. Florø og Førde. Tett samarbeid med politiet gir likevel ei tryggare ramme for Gimlefestane enn det private festar kan gjere. Politiet i kommunen kjenner til og har kontakt med ungdomsmiljøa. Det er ein stor fordel å ha eit politi med lokal tilknytning. Det er lite ungdom i gatebildet på vanlege helgar utanom Gimlefestane.

Ifølge Ungdata var det ingen ungdomsskuleelevar i Gloppen hadde brukt cannabis siste året (2017). Av Firdaelevane var det 3 % som har brukt det ein gong, 5 % som hadde brukt det 2-10 gongar og 1 % som hadde brukt det meir enn 11 gongar.

3.3 VAKSNE OG RUS I GLOPPEN

Det er vanskeleg å få ein god og påliteleg oversikt over tal innbyggjarar som har eit rusproblem. Det er dermed vanskeleg å slå fast om det er eit aukande eller minkande problem. Også nasjonalt er dette vanskeleg, då det ikkje fins statistikk som viser utbreiing i Norge.

I den grad vi kan seie at det er eit eige rusmiljø i Gloppen, så har dette blitt mindre dei siste åra. Det er rettare å seie at vi har enkeltpersonar som slit med ein omfattande og problematisk rusbruk. Vi veit at dette kan endre seg, og at bildet om kort tid kan sjå annleis ut enn no. Det er relativ få personar som er i eit behandlingssopplegg for sitt rusproblem. Ein kan likevel ikkje bruke dette som indikator på at det er færre som slit med dette no enn tidlegare. Her er, som alle andre stadar, eit skjult misbruk og utfordringar ved at den som har problemet ikkje sjølv erkjenner det. Motivasjonen for å gjere noko med situasjonen er sterkt varierende.

Alkoholbruk og alkoholrelaterte problem blant eldre aukar på landsplan. Vi veit ikkje kor stor del av dei eldre i Gloppen som har eit problemfylt forhold til alkohol. Rusmiddelbruk og problem knytt til psykisk helse heng tett saman både blant ungdom, vaksne og eldre. Heimetenesta fortel at det er ressurskrevjande å følgje opp dei som har ein kombinasjon av psykiske problem og rusmiddelproblem, sjølv om denne gruppa ikkje er stor. Det kan vere vanskelig å få til eit godt behandlingstilbod til dei som har slike samansette problem, men medvita om det har auka dei seinare åra og behandlingstilboda har vorte betre.

Rus kan gje ulike utfordringar i forholdet mellom barn og foreldre. I følgje barnevernet i Gloppen er rusproblem blant foreldre ein mindre del av problemet i saker dei er inne i no enn tidlegare. Samtidig peikar både helsestasjon og psykisk helseteneste i kommunen på at det er meir akseptert no enn tidlegare å drikke alkohol når barna er til stades. Det kan virke som om det er mindre av store rusproblem i familiar, men samtidig ei dreining mot ei meir liberal haldning til alkoholbruk generelt blant foreldre. Barn reagerer fort på endringar i åtferda til foreldra, og blir lett utrygge når foreldra ikkje oppfører seg slik dei er vande med. Barn som får problem på grunn av foreldra sin alkoholbruk viser ofte ikkje symptom før det har gått lang tid. Det er vanskeleg å seie kor stort dette problemet er i Gloppen, men det er noko vi må prioritere høgt i det haldningsskapande og førebyggjande arbeidet.

3.4 OMSETNING AV ALKOHOL I GLOPPEN

Gloppen har pr. januar 2020 oppdater:

- 8 forretningar med salsløyve for alkoholhaldig drikke
- 1 gardsbryggeri med salsløyve for sal i eiga veksemd direkte til forbrukar
- Vinmonopol på Sandane
- 4 verksemdar med skjenkeløyve for øl, vin og brennevin
- 1 verksemd med skjenkeløyve av øl og vin

Tabellen under viser omsetning av alkoholhaldig drikke (liter) i Gloppen frå 2012 til 2018:

Butikksal	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Gr. 1:	227 420	227 714	244 653	226 269	231 527	242 436	255 048
Skjenk	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Gr. 1:	21 449	21 525	19 995	17 141	18 139	18 130	20 348
Gr. 2:	5 049	4 394	6 172	3 520	4 320	4 505	4 421
Gr. 3:	246	188	206	254	199	195	265

RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2020 - 2023

Vinmonopolet	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Gr. 1:	1827	2331	2887	3046	2 984	3 090	2 854	3 074
Gr. 2:	63026	61349	61747	61427	60 253	61 476	61 970	63 461
Gr. 3:	15567	15159	15017	14538	14 168	13 961	14 028	15 011
Totalt	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	
Gr. 1:	250 696	251 570	267 535	246 456	252 650	263 656	278 250	
Gr. 2:	68 075	65 743	67 919	64 947	64 573	65 981	66 391	
Gr. 3:	15 813	15 347	15 223	14 792	14 367	14 156	14 293	

Gruppe 1: øl, cider og rusbrus (opp til 4,7 %)

Gruppe 2: vin (meir enn 4,7 %, mindre enn 22%)

Gruppe 3: brennevin (Meir enn 22%, mindre enn 60 %)

Vinmonopolet og butikkane sine salstal er, så langt vi veit, heilt korrekte. Tala for skjenking kan vere noko lågare enn reel omsetning fordi vi manglar rapport frå nokre få av dei minste skjenkeverksemdene.

Ut i frå desse tala kan det sjå ut som om alkoholforbruket i Gloppen har auka dei siste åra, spesielt når det gjeld øl, cider og rusbrus. Vi skal vere forsiktige med å konkludere med dette, og i alle fall med å seie noko om kor stor auken er. Det kan til dømes tenkast at noko av auken skuldast at glopparar i større grad enn tidlegare handlar alkohol lokalt. Taxfree-sal i samband med utanlandsreiser er ikkje med i statistikken, og det er sjølvsagt ikkje illegale varer som heimebrent og smulevarer heller. Noko alkoholhaldig drikke blir også produsert lovleg til eige bruk, interessa for å brygge sitt eige øl ser ut til å vere i vekst.

Å skaffe alkoholhaldig drikke til ungdom under 18 år er langing, og dette er ulovleg. Alle med salsløyve skal ha rutinar for å hindre sal av alkoholhaldig drikke til mindreårige, men unge under 18 år får eldre ungdommar til å handle for seg. Også foreldre langar alkohol til barna sine. Dette er ei utfordring som den kommunale alkoholkontrollen ikkje fangar opp, og som må møtast med haldningsskapande arbeid.

4. Mål og strategiar

Målet for rusmiddelpolitikken i Gloppen er å førebygge og redusere negative konsekvensar ved bruk av alkohol og andre rusmiddel, for den enkelte og for samfunnet.

Vi skal ha særleg fokus på foreldra si rolle, og på ungdom.

Delmål og tiltak er retta mot tre ulike grupper:

- Heile befolkninga – universelle mål og tiltak
- Barn og unge i risikogrupper
- Menneske med rusproblem

4.1 HEILE BEFOLKNINGA - UNIVERSELLE MÅL

- Godt alkovett i befolkninga
- Barn og unge skal oppleve at dei blir sett og tatt vare på
- Foreldre som er gode førebilete og grensesetjarar
- Sikre trygge og rolege utemiljø
- Skjenking av alkohol skal skje på ein måte som gjer at skadeverknadene vert avgrensa og sosiale omsyn vert ivaretekne.

4.2 BARN OG UNGE I RISIKOGRUPPER - MÅL

- Barn og unge skal ha gode møteplassar, og vi vil ha vaksne som tør å bry seg.
- Gloppen skal vere ein god skulestad med eit trygt hybelmiljø
- Mindre i alkoholbruk i ungdomsmiljøa, og å heve debutalderen.
- Vi skal avdekke rusrelaterte problem tidleg, og førebygge at problema utviklar seg vidare.
- Sikre gode lågterskeltilbod, og at tenestene er samordna.
- Redusere rusmiddelbruk, samt skader og belastningar som rusmisbruk fører med seg.

4.3 TENESTER TIL RUSAVHENGIGE - MÅL

- Førebyggje og hindre tilbakefall hos rusmisbrukarar
- Vi skal sikre eit godt samordna tenestetilbod til rusavhengige, der brukarar blir møtt med respekt. Det skal leggjast til rette for brukarmedverknad og samarbeid med pårørande.

5. BEFOLKNINGSRETTE ARBEID

Dei viktigaste førebyggjande tiltaka når det gjeld rusmiddelbruk er lovverk, regulert tilgjenge og høg pris. Andre viktige førebyggjande strategiar er å ha gode møteplassar som fremjar tilhøyre og deltaking i lokalsamfunnet i alle aldersgrupper, samt haldningsskapande arbeid.

5.1. GODE MØTEPLASSAR – SOSIALT TILHØYRE

Frivillege lag og organisasjonar

Det er lange tradisjonar for frivillig arbeid i Gloppen, og dugnadsånden står sterkt. Det er kring 130 ulike lag og organisasjonar i kommunen med ei stor breidde i tilbodet. Gloppen har vore blant dei fem beste kulturkommunane i Norsk kulturindeks fire av dei seks siste åra. Noko av grunnen til det rike kulturlivet er det tette samspelet mellom profesjonelle og amatørar. Ungdom i Gloppen deltek i større grad enn ungdom andre stader i organiserte fritidsaktivitetar, i følgje Ungdata 2017. Meir om kulturtilbod og frivilleg arbeid i Gloppen kan du lese i [kunnskapsgrunnlaget om helse og trivsel i Gloppen](#), i kap 4.

Dei frivillege gjer ein sto innsats i det rusførebyggjande arbeidet i Gloppen, ved å bidra til ein meningsfull kvardag og sosiale møteplassar. Dei driv aktivitetar gjennom heile eller delar av året, eller står bak store og små arrangement. Det å vere med å arrangere til dømes ein festival eller konsert er ofte ein like givande og meningsfylt som sjølve arrangementet. Det er viktig å inkludere alle grupper av befolkninga i kulturtilboda, dette er noko kommunen og dei frivillege kan bidra til i fellesskap, til dømes gjennom støttekontaktordninga, men også med å jobbe med strategiar for inkludering som ikkje er knytt til einskildpersonar. Det er etablert møtepunkt mellom representantar frå ulike delar av kulturlivet i Gloppen og kommunen, der inkludering har vore eit av fleire tema.

Ein gong i månaden skipar landsbyrådet for «Fjordlandsbyen Sandane» eit sosialt arrangement på heradsplassen. Innhaldet er variert, det kan vere aktivitetar for barn og vaksne, sal av kaffe og lokal mat, loppemarknad og liknande. Arrangementet skal vere inviterande og inkluderande, og innby til kontakt mellom folk på ein uformll måte. Målet er å skape liv og trivsel i sentrum, og frivillege lag og organisasjonar får høve å vise seg fram og tene pengar på sal.

Biblioteket

Biblioteket i Trivselshagen er ein uforpliktande møteplass med låg terskel. Hit kjem menneske på tvers av vanlige skiljeliner som alder, utdanning, nasjonalitet og om ein er i eller utanfor arbeidslivet. Flyktningane brukar biblioteket mykje, og det er såleis ein arena for integrering. Det er ein stad for mellommenneskeleg kontakt på eit låg-intensivt nivå; ein kan seie hei og finne seg ein krok for seg sjølv, og likevel vere i lag med andre. Ingen spør kva

du skal, du treng ikkje ha noko ærend, det kostar ikkje noko og du kan vere der så lenge du vil.

5.2 AV-OG-TIL OG ALKOVETT

I 2017 slutta Gloppen kommune seg til samarbeidet [Av-og-til](#). Dette er ein alkovettorganisasjon som arbeider for å redusere dei negative følgane av alkoholbruk i samfunnet, og gjennom dette gjere kvardagen tryggare for alle. Av-og-til starta som organisasjonen Alkokutt i 1981, og skifta namn i 2007. 49 frivillege organisasjonar og 51 kommunar er med i samarbeidet. Målet med arbeidet er at flest mulig skal bruke alkovett, som kort fortalt betyr å tenke gjennom om ein skal drikke, og kor mykje ein skal drikke i ulike situasjonar. Alkovett er spesielt viktig i enkelte situasjonar, og dette er satsingsområda til Av-og-til:

- Arbeidsliv
- Båt- og badeliv
- Graviditet
- Idrett og friluftsliv
- Livskriser
- Samvær med barn og unge
- Trafikk



Innanfor desse felte utarbeider Av-og-til materiell som kommunen kan bruke i det haldningsskapande arbeidet. Av-og-til er ikkje ein fråhaldsorganisasjon. Alt materiellet tek sikte på å kommunisere godt til dei som nyttar alkohol, og på å bidra til eigenrefleksjon heller enn å moralisere. Dette er særst viktig for å kome folk i tale. Alt materiell er gratis. Av-og-til køyrer nasjonale kampanjar innanfor dei ulike tema gjennom heile året. På dei fleste kampanjane blir det laga filmar som alle samarbeidspartane spreiar vidare på nett- og facebooksider. Kvart år plukkar Av-og-til ut eit område som blir løfta fram i «fokusveka», som er hovudkampanjen det året. Alle som er tilslutta samarbeidet blir invitert til ein årleg konferanse med fagleg innhald, presentasjon av fokusveke og satsingar, erfaringsutveksling og inspirasjon.

Erfaringane med Av-og-til i Gloppen så langt er gode. Det er rusfagleg forum som har ansvaret for å følgje opp samarbeidet, og folkehelsekoordinatoren, som leiar rusfagleg forum, er også koordinator for arbeidet med Av-og-til. Rusfagleg forum bestemte tidleg at samvær med barn og unge skulle vere hovudsatsingsområdet vårt i samarbeidet med Av-og-til, derfor har vi markert dei kampanjane mest. Desse heiter «Kor mange glas toler barnet ditt», og budskapet er å følgje nøye med på eige alkoholinntak når ein er i lag med barn og unge, slik at barna slepp å gjere det. Kampanjen blir fronta nasjonalt to gongar i året, i

forkant av sommarferien og før jul. Det har vore laga sterke og tankevekkande filmar til denne kampanjen, som har blitt lagt på heimesida til kommunen og spreitt på facebook. Ein desse vart også vist som kinoreklame på Gloppen kino, men på grunn av rettighetane til filmen har ikkje dette latt seg gjere fleire gongar. Stillbilde frå kampanjane har vore vist både på kino og på dei kommunale infoskjermene ulike plasser i Sandane. Ein meir spesiell film vart vist på stand på landsbylaurdag i 2019, den er laga for 3D-briller som Av-og-til sentralt lånar ut. Den viser ein fest sett frå eit barns perspektiv, og er tankevekkande når det gjeld å bry seg om andre sine barn, og å tørre å spørje korleis barnet har det og ein ser noko som vekker uro. Av-og-til-kampanjane har vore markert med stand på landsbylaurdag tre gongar, ein i 2018 og to i 2019. I 2019 vart materiell for kampanjen «Kor mange glas» delt ut til alle campinggjestane på countryfestivalen i Breim. Den største markeringa har vore før jul. Både i 2018 og 2019 har vi delt ut ein pose med små gåver til alle barnehageborn saman med brosjyre til foreldra, også alle grunnskuleelevar har fått med brosjyra «Kor mange glas toler barnet ditt?» heim som ranselpost. Dette har vore følgt opp med plakatar i butikkar og andre aktuelle plassar. Ein av dei siste dagane før jul har ordføraren lagt ut ein film på facebookside til kommunen der han ønskjer alle ei god jul, og minner om alkovett i samvær med barn og unge i julefeiringa. Dette vart referert på av-og-til-konferansen i 2019, og løfta fram som eit godt døme på lokal markering av kampanjen. I desember 2018 fekk vi også fire store fargeannonsar for same kampanje i Firda Tidend. Dette var i samarbeid med Jølster kommune, og Av-og-til betalte annonsane. Dette kan vi dessverre ikkje rekne med å få igjen, men Av-og-til skriv både pressemeldingar og malar til lesarbrev som vi kan nytte oss av. Erfaringa vår er at ikkje alt som kjem frå Oslo passer like godt i Gloppen, men at det kan brukast som eit utgangspunkt til å løfte fram det vi ønsker lokalt.

Av-og-til er no inne i eit strategiarbeid, og framover vil dei truleg tone ned nokre av satsingsområda, og løfte fram andre sterkare. Fokuset på alkovett i samvær med barn og unge vil vere høgt prioritert også framover. Av-og-til retter seg mot vaksne, dei har ikkje opplegg som kan brukast i skulane, men det er laga ein eigen kampanje om grensesetting og samtale som rettar seg mot foreldre til ungdom. Denne kampanjen heiter «Kjipe foreldre» og har opplegg som kan brukast på foreldremøte. Hittil har vi ikkje gjennomført slike opplegg i Gloppen, men dette kan eit aktuelt satsingsområde framover. Det er ønske om å få eit felles system for skulane, der ulike tema blir tatt opp på foreldremøta på faste trinn. Om vi skal satse på «Kjipe foreldre» må dette vere ein del av dette systemet, men i første omgang må vi prøve det ut. Fokusveka i 2020 kjem til å dreie seg om «Kjipe foreldre», og vere i september.

Av-og-til sitt materiell kan også nyttast i det daglege, utanom kampanjane, det er til dømes laga brosjyrar som passar til utdeling både på helsestasjon og i lågterskeltiboda til psykisk helseteneste. Brosjyrane har høg kvalitet og blir oppdatert jamnleg.

Fleire lokale, friville organisasjonar er høyrer til landsdekkande organisasjonar som også er med i Av-og-til-samarbeidet. Foreløpig har vi ikkje inngått noko samarbeid med desse, kampanjane har vore initiert og gjennomført av kommunen. Samarbeid med andre er noko vi kan satse meir på denne planperioden.

5.3 RUSFØREBYGGANDE TILTAK – BARN OG UNGE

I førebyggjande arbeide er det viktig å ha eit kunnskapsgrunnlag om korleis situasjonen er og utviklar seg over tid. Kommunen sitt kunnskapsgrunnlag om helse og trivsel beskriv fleire faktorar som påverkar unge sin livssituasjon. Mykje av kunnskapen vi har om levekår for barn og unge, og om deira forhold til rus, har vi frå Ungdataundersøkinga vi gjennomførte i 2017. Denne gir eit godt grunnlag for samanlikning mellom Gloppen og andre kommunar, med fylkes- og landsgjennomsnittet. Vi vil få tilbod om å gjennomføre undersøkinga på nytt i 2021, då vil vi også sjå korleis utviklinga i Gloppen har vore sidan 2017.

5.3.1 HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTE

Førebyggjande tiltak starter allereie i helsestasjonen sitt møte med gravide. Jordmor i Gloppen gjennomfører ei livsstilskartlegging av alle gravide, der alkoholbruk er eit viktig tema sidan alkoholbruk under svangerskap er særskadeleg for barnet. Dei gir også informasjon til ammande mødrer om skadeverknadar av bruk av alkohol mens mor ammar. Både jordmor og helsesjukepleiarane har meldeplikt dersom dei avdekkar rusproblem hos mor. Utover dette rettleiar dei foreldre gjennom dei kontrollane dei har av borna. Helsestasjon skal, i likhet med dei andre einingane, bruke modellen for betre tverrfagleg innsats som omtalast i kap 6.1.

Alle foreldre får tilbod om foreldrerettleiingsprogrammet «Circle of security» - Tryggleikssirkelen (COS), som er eit relasjonsstyrkande program. Metoden har som mål at barnet utviklar ein trygg tilknytning til sine foreldre, og hjelpe barn i aldersgruppa 1- 6 år til å bli tryggare og til å utvikle god sjølvregulering og sosial kompetanse.

Skulehelsetenesta

Helsesjukepleiar gjennomfører **helsesamtale** med elevar på 5. og 8. trinn der rus er eit av fleire tema. Dei har fast kontortid på ungdomskulen og Firda vidaregåande skule. Nytt i førre planperiode er at dei også har fast treffetid på barneskulane.

I tillegg tilbyr dei «**Helsestasjon for ungdom**» på helsestasjon kvar veke, der også lege er tilgjengeleg. Dette er eit tilbod til ungdom frå ungdomskulealder og oppover. Erfaringa viser at det hovudsakleg er elevar på vidaregåande og frå Nordfjord folkehøgskule som nyttar seg av dette tilbodet.

Helsesøster som har ansvar for **skulehelsetenesta på Firda vidaregåande skule**, gjennomfører undervisning med ulike tema på alle klassetrinn (I 1.kl. psykisk helse, 2.kl. samlivsundervisning og 3.kl.russetid). Ulike konsekvensar av rusbruk er del av tema alle åra.

Psykisk helseteam tilbyr støttesamtale til ungdom som har behov for det og er tilgjengelege på skulen.

5.3.2 BARNEHAGANE

Barnehagane er ein arena med stor kompetanse på barns utvikling, og som dagleg har kontakt med foreldra. Dei skal i årsplanane sine sikre at rus og problem som er knytte til dette jamleg vert tema på planleggingsdagar og nettverksmøter. Barnevernstenesta tilbyr barnehagane rettleiing og undervisning i det å kunne sjå, avdekke og handtere rusmisbruk og omsorgssvikt. Tilbodet kan gjevast som ordinær undervisning eller i høve konkrete saker. Barnehagane i Gloppen, både private og offentlege, har eit sterkt fokus på folkehelse i sitt utviklingsarbeid. «**Team for tidleg innsats**» ligg under PPT og består av to spesialpedagogar som arbeider både på individ- og systemnivå med barn, tilsette og foreldre, bl.a. gjennom rettleiing i barnehagane. Det kan dreie seg om språkvanskar og samspelsvanskar.

5.3.3 SKULANE

Skulane i Gloppen har fokus på at det enkelte barn skal vere ein del av eit trygt og godt læringsmiljø. Skulane legg gjennomgående til rette for meistring og sosial inkludering, og tryggleik og trivsel er førebyggjande for alle typar problemutvikling, inkludert rus. Skulane skal i årsplanane sine sikre at rus, og problem som er knytte til dette, jamleg vert tema både på planleggingsdagar og i den daglege verksemda/ undervisninga. Alle skular skal ha opplegg som også inneheld rusførebyggjande haldningar som del av ulike fag. Skulane og dei tilsette skal kunne sjå, avdekke og handtere rusmisbruk og omsorgssvikt. I slike tilfeller knyter skulane til seg andre fagmiljø i kommunen gjennom BTI modellen. (Sjå kap. 6.1)

Alle skulane har ein handlingsplan mot mobbing som både tek føre seg det førebyggjande arbeidet og dei konkrete handlingane når det er mobbesaker. Gjennom deltaking i Utdanningsdirektoratet sitt prosjekt «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» skal vi gå igjennom alle program og metodar vi nyttar frå helsestasjonen og ut 10. klasse for å få ein samla plan på det. Prosjektet handlar vidare om kompetanseheving på det å bygge gode barnehage- og skulemiljø. To av skulane er «Pals» - skular. «**Beredskapsteam mot mobbing**» - vart etablert i 2015, og skal bistå born, foreldre og skular i mobbesaker.

Gloppen ungdomskule har tilsett sosiallærer som alle elevane veit dei kan gå til, og som har god røynsle med å snakke med ungdom om vanskelege ting. Ho har særskild ansvar for å gje

råd og rettleiing til enkeltelevar og grupper av elevar som har vanskar av ulike slag, og observere elevar i friminutt og i andre sosiale samanhengar for å sjå kven som fell utanfor.

Overgang mellom barneskule til ungdomsskule og frå ungdomsskule til vidaregåande skule er sårbare fasar i barn og unge sitt liv. Innsatsar som rettar seg inn imot overgangsutfordringar er førebyggjande for problemutvikling.

Firda vidaregåande skule

Firda vidaregåande skule er ein skule med elevar frå heile fylket, og skulen har difor som målsetjing å vere «Meir enn ein skule». Skulen har miljøkoordinator, noko som gjer det mulig å ha Open Skule på kveldstid. Her blir det servert mat to gonger i veka, og det er aktivitetar som til dømes spelekvevdar, innebandy og klatring. Dette er eit tilbod mange hybelbuarar nyttar seg av.

Over halvparten av elevane ved skulen (ca.180) bur på hybel, og hovudtyngda av desse elevane bur i sentrum. Mange av dei bur i hybelhus der utleigar ikkje bur sjølv. Firda VGS samarbeider med utleigarar om t.d. husreglar, men fleire av ungdomane har behov for meir struktur og vaksenkontakt. Det gjev skulen og kommunen, som vertskap, eit stort ansvar. (Sjå kap. 6.2 om LOS-ordninga)

Førebyggjande tiltak i regi av Firda VGS:

- Skulen gjennomfører årleg **hybelkurs** for nye elevar, og har tett kontakt med hybelvertar
- Skulen har ein miljøarbeidar som m.a. har ansvaret for å arrangere «**Open skule**» tre kveldar i veka. Dette tilbodet er ope for alle i aldersgruppa 16-25 år, men brukast mest av Firdaelevar. Miljøarbeideren er ein viktig vaksenkontakt for hybelbuarane.
- Skulen gjennomfører årleg undervisningsopplegg rundt ulike tema, med eksterne samarbeidsparter som helsesøster, psykisk helseteneste, politiet og vegtilsynet.

5.3.4 ANNA FØREBYGGANDE ARBEID RETTA MOT BARN OG UNGE

Nattevandring

I starten av førre planperiode var behovet for vaksenpersonar i gatebildet gjennom «Nattevandring» redusert, og ordninga var i bruk berre 16. mai og under Sandane-dagane. I 2019 var det også nattevandrarar ute natt til 1. mai, etter ønske frå politiet. Det er foreldre til ungdomskuleelevar som har hatt denne oppgåva.

I 2019 er det også starta opp nattevandring dei kveldane det er fest på Gimle, og då er det foreldre til elevar ved Firda VGS som går. Fem nattevandrarar går frå kl. 22 til 2.30. Dette er det behov for fordi det er mange alkoholpåvirka ungdomar mellom Sandane sentrum og Gimle, samt i området rundt Gimle og Nordstranda skule. Det er eigne vakter på festen, også det er for det meste foreldre, men det er likevel viktig at det er vaksne i området rundt for å

bidra til ro og tryggleik, og ta seg av dei som eventuelt har behov for hjelp. Friviligsentralen, som er med og organiserer dette, kan melde at det er god oppslutning om ordninga blant foreldre, og at dei er positive til å bidra på denne måten. Det har vore nattevandrarar ved sju Gimle-festar i 2019, ein av dei var samtidig med elevkveld på ungdomsskulen, då var også nokre ungdomsskuleelevar med. Det er elles ikkje så heldig at Gimlefestar er samtidig med elevkveldar på ungdomsskulen, og dette er noko ein bør prøve å unngå. Festane på Gimle er det ungdomane sjølve som arrangerar, men dei må varsle politiet i god tid og oppfylle dei krava som politiet sett, til dømes til vakthald.

Det alkoholfrie arrangementet i Trivselshagen natt til 17.mai samlar kring 100-120 kvart år. Dette er eit samarbeid mellom fritidsleiar i kommunen, frivilligsentralen, Sandane Turn og Idrettslag, kyrkja, Sion, Trafikkskulen, Røde Kors og foreldrerepresentantar frå ungdomsskulen. Politiet er også innom arrangementet. Mange organisasjonar og bedrifter bidreg til arrangementet i form av økonomisk støtte eller sponing.

5.4 BEFOLKNINGSRETTE TILTAK I PLANPERIODEN

Formelt sett er ansvaret i tabellen under lagt til kommunedirektøren, som igjen har delegert oppgåvene til dei som er oppsette som «ansvarlege».

1. Vidareføre «**Rusfagleg forum**» med minimum 2 årlege møte. Forumet si viktigaste oppgåve er ha oversikt over utfordringar på rusfeltet og sørge for at desse vert følgde opp.
Ansvar: Folkehelsekoordinator
2. Årleg gjennomføre kompetansehevande tiltak innan rusførebygging
Ansvar: Rusfagleg forum
3. Gjennomføre og bruke kunnskapen vi får gjennom Ungdata. Neste gjennomføring for kommunane i Vestland fylke er våren 2021.
Ansvar: Folkehelsekoordinator og oppvekstsjef
4. Gjennom deltaking i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» gå igjennom alle førebyggjande program og metodar vi nyttar frå helsestasjonen og ut 10. klasse for å få ein samla plan på dette.
Ansvar: Oppvekstsjef
5. Gjennomføre minst to møter i planperioda med frivillige lag og organisasjonar som driv barne og ungdomsarbeid – med tema samarbeid om inkludering og rusførebygging.
Ansvar: Folkehelsekoordinator og rusfagleg forum
6. Følgje opp samarbeidet med «Av-og-til», med eit spesielt fokus på kampanjar retta mot foreldre.
Ansvar: Rusfagleg forum
7. Starte arbeidet med å etablere ein møteplass for ungdom i Sandaneområdet
Ansvar: Oppvekstsjef
8. Sikre at AKAN fungerer på dei ulike arbeidsplassane i kommunen.
Ansvar: Kommunedirektøren

6. BARN OG UNGE I RISIKOGRUPPE

6.1 BETRE TVERRFAGLEG INNSATS (BTI)

[BTI-modellen](#) er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhangande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. Modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna teneste og tidleg foreldreinvolvering.

Tidleg innsats handlar om å førebyggje meir og å avdekke vanskar tidlegare, hos både barn, unge og familiar som vi kjenner ei uro for. Tidleg innsats kan både handle om å oppdage vanskar i tidleg alder, og å oppdage vanskar tidleg i ei risikoutvikling. Det kan vere forhold i heimen, eigenskapar ved barnet/ungdommen/familien, eller miljøet i barnehagen/skulen eller på fritida som skaper utfordringar. Heimen, helsestasjonen, barnehagen og skulen har derfor ei sentral rolle både i å oppdage vanskar og å følgje dei opp. Hjelpetiltaka som vert sette i verk har fokus på å styrke beskyttande faktorar og redusere risikofaktorar rundt barnet/ungdommen/familien.

Samordna tenester handlar om å betre samarbeidet og ikkje minst framdrifta når kommunale basistjenester (f.eks. helsestasjon, skule, barnehage) og hjelpetenester (f.eks. helseteneste, PPT, barnevern) i fellesskap skal hjelpe barn/ungdom/familiar gjennom vanskar. Med ein klar struktur bidrar BTI-modellen til styrkt samhandling mellom tenester, slik at dei jobbar målretta, effektivt og heilskapleg – og utan at det oppstår avbrot i oppfølginga.

Foreldreinvolvering handlar om at BTI-modellen er basert på at foreldre/føresette i utgangspunktet alltid skal vera ein del av løysinga på eit problem. Det blir derfor lagt stor vekt på at dei kommunale verksemdene/tenestene skal samhandle med foreldra gjennom hjelpeprosessen, og at foreldra skal involverast på eit tidleg tidspunkt etter at uroa for barnet/ungdomen har oppstått. Foreldreinvolvering inneber også at foreldre på eige initiativ kan involvere kommunale verksemdar/tenester dersom dei er bekymra for eigne eller andre sine barn. Involveringa av foreldre har både ei etisk og fagleg grunngeving. Den etiske dreier seg om å respektere det overordna ansvaret foreldra eller andre føresette har for eigne barn. Det faglege dreier seg om at foreldra ofte er ein avgjerande aktør, og heimen ein viktig arena i det førebyggjande arbeidet med barn og unge.

BTI består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsretteleiar, verktøy og kompetansen til dei tilsette.

Grunnmodellen i BTI beskriv korleis samhandlinga kan leggjast til rette på fire forskjellige nivå, avhengig av omfanget på vanskane som skal løysast og talet på aktørar som skal involverast:

- **Nivå 0:** Her avklarar vi om det er grunnlag for bekymringa
- **Nivå 1:** Beskriv tiltak innanfor kvar enkelt teneste
- **Nivå 2:** Beskriv eit enkelt tverrfagleg samarbeid, helst mellom to tenester
- **Nivå 3:** Beskriv eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester

Stafetthaldar

Nivåa og tenestene i grunnmodellen vert bundne saman gjennom ein samarbeidsstruktur som er basert på at ein aktør, stafetthaldaren, har ansvar for å koordinere den tverrfaglege samhandlinga og dokumentere arbeidet. (Den svarte puslespelbrikka i bildet til høgre) Dette er den tenesteytaren som identifiserer uro kring eit barn, ungdom eller familie. Denne er ansvarleg for å dokumentere sine observasjonar, involvere foreldre, og tilby tiltak tilpassa den enkelte familie sin situasjon. Stafetthaldar skal «halde i stafettpinnen» det vil seie sikre oppfølging i saka heilt til den overlet koordineringsansvaret til ein annan namngitt person.



Figur 10: BTI-modellen

Handlingsretteleiaren er oppskrifta på korleis vi skal gå fram i konkrete tilfelle der vi er bekymra for barn/ungdom/familiar. Rettleiaren skildrar strukturane og prosessane vi skal nytte oss av i arbeidet med barn og unge, både innanfor kvar enkelt teneste og mellom tenestene.

Verktøya er dei konkrete hjelpemidlane vi kan og bør nytte i det daglege arbeidet med BTI-saker. Verktøya inkluderer spesifikke metodar eller rutinar som støttar handlingane i BTI-prosessen, heilt frå fasen der vi oppdagar og vurderer ei uro og vidare gjennom fasane med å avgjere, setje i verk og evaluere hjelpetiltak. Vi snakkar her om alt frå konkrete tips og råd til korleis vi samtalar med barn og unge til mal for korleis vi kallar inn og gjennomfører møte.

Kompetansen

Ein føresetnad for at vi kan bruke BTI-modellen, er at medarbeidarane i kommunen har kompetanse. Vi snakkar då om to typar kompetanse: Kompetanse til å **forstå og bruke** samarbeidsstrukturane i BTI-modellen.

Kompetanse til å **utføre oppgåvene** som ligg innanfor dei ulike prosessane i modellen. Dette inneber at vi må ha evner til å oppdaga barn/unge/familiar som gir oss ei bekymring, til å ta initiativ og samtale med barn/unge og føresette, og vi må vera i stand til å gjere oss nytte av hjelpetiltak og andre hjelpetenester der dette er nødvendig. Vi må sikre denne kompetansen hos tilsette gjennom informasjon og opplæring. Det er laga opplegg retta mot både vaksentenestene og teneste til barn og unge for øving på handlingskompetanse etter BTI-modellen. Dette opplegget heiter «Tren trenarar» og er klart til å takast i bruk i einingane. Etter kvart som vi får meir erfaring med å bruke modellen må den vidareutviklast og justerast.

6.2 LOS-ORDNINGA

Fråfall frå vidaregåande skule kan ha store negative konsekvensar for den enkelte, og for samfunnet med tanke på folkehelse generelt. Rusproblematikk kan vere ei årsak til fråfall, men fråfall kan og gi auka risiko for rusproblematikk. Gloppen har mange hybelbuarar. Både psykisk helse, politiet og Firda VGS har sett at ein del av desse treng tettare oppfølging av vaksenpersonar enn det tenestene er rigga for å kunne tilby i dag. Vi ynskjer å etablere tettare oppfølging av ungdomar utover vanleg arbeidstid, og å etablere eit forsterka hybeltilbod. Gjennom tilskotsordninga LOS har vi fått 300.000,- i 3 år til «Ungdomslos i Gloppen»

Denne ordninga er meint å legge til rette for eit meir samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom i ein vanskeleg livssituasjon. Dei som treng ekstra oppfølging skal få éin person å forholde seg til, som skal bidra til at han/ho klarer å nyttiggjere seg tilbod som gis på skulen eller av andre tenester. Målet er å styrke skuletilknytning, trivsel og meistring, for å auke skuleprestasjonar og hindre drop-outs. Målgruppa er ungdom i alderen 12 – 24 år som står utanfor, eller står i fare for å hamne utanfor skule og arbeid. Dette prosjektet blir ei viktig satsing retta mot unge i risikogrupper i denne planperioden, og vil også svare på det behovet som rusfagleg forum har peika på: Nokon å ringe utanom vanleg kontortid ungdomar som treng hjelp og støtte, der og då, - i ein vanskeleg situasjon, anten det gjeld rus eller andre ting.

6.3 ANDRE TILTAK MOT BARN OG UNGE I RISIKO

Tverrfagleg team knytt til Firda VGS

Firda VGS har eit godt samarbeid med psykisk helseteneste, helsestasjon og PPT om elevar som slit eller har særskilte behov. Det tverrfaglege teamet har møte kvar 14.dag, der dei både drøfter saker på systemnivå og einskildsaker der dei har fått løyve til det. Gloppen kommune har ein samarbeidsavtale med fylkeskommunen som medfører at dei kjøper tenester i PPT til tenester i vidaregåande skule. Tyngda av denne ressursen går til Firda vgs., og mykje tid blir brukt til oppfølging av saker som ligg i skjeringspunktet mellom opplæring og arbeid med psykisk helse.

Samarbeid med frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar

Kommunen har i 2019 arrangert to møte med frivillege barne- og ungdomsorganisasjonar. Det eine var i regi av fritidsleiaren, og dreide seg samarbeid om tiltak mot barnefattigdom og for inkludering. Det andre var i regi av rusfagleg forum, og temaet var kva frivillege trenarar og leiarar kan og bør gjere i møte med eit barn dei blir urolege for. BTI-tankegangen om tidleg foreldreinvolvering er sentralt. Tilbakemeldingane frå dei som deltok på møtet var gode, og det er ønske om faste møter mellom kommunen og frivillege barne- og ungdomsorganisasjonar. (Dette er sett opp som eit befolkningsretta tiltak i kap 5.4.)

«Trivselskort»

Det blir jobba med å lage eit «trivselskort» som kan delast ut av NAV til familiar med særskilte behov, men som også kan kjøpast som gåvekort. Dette vil vere mindre stigmatiserande enn «opplevingskortet» som NAV delte ut tidlegare.

6.4 BARN OG UNGE I RISIKO – TILTAK I PLANPERIODEN

Formelt sett er ansvaret i tabellen under lagt til kommunedirektøren, som igjen har delegert oppgåvene til dei som er oppsette som «ansvarlege».

1. Implementere samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats og få opplæringstiltak inn i årshjul på alle nivå i organisasjonen.
Ansvar: Oppvekstsjef, helse- og omsorgssjef
2. Gjennomføre opplæringstiltaka i BTI, bruke modellen og opparbeide erfaring som kan brukast til å justere og vidareutvikle den.
Ansvar: Einingsleiarar oppvekst, helse- og omsorg og kultur.
3. Etablere «Ungdomslos i Gloppen» med prosjektleiar som skal følgje opp 5 til 10 ungdomar til ei kvar tid.
Ansvar: Oppvekstsjef
4. Nytte oss av prosjektmidlar som blir lyst ut til tiltak mot barnefattigdom, og finne gode samarbeidspartar i arbeidet med inkludering.
Ansvarleg: Kultursjef

7. TENESTER TIL RUSAVHENGIGE

7.1 OMSORG, BEHANDLING OG ETTERVERN – ULIKE TENESTER SITT ANSVAR

Det er Helse Vest som har ansvar for å gje tilbud om behandling av rusmiddelmissbrukarar i Gloppen. Kommunen ved psykisk helseteneste eller legetenesta – helst i samarbeid – skal sende søknad om behandling via Nordfjord psykiatrisenter.

Kommunen har ansvar for å følgje opp brukarane når dei er på institusjon, planlegge og ta ansvar for oppfølging etter institusjonsopphaldet. For å sikre eit best mogeleg ettervern må det leggjast til rette for at brukarane har ein plass å bu og pengar til livsopphald, men det er og avgjerande viktig at den rusavhengige kjem seg i meningsfull aktivitet eller arbeid. Eitt godt ettervern er avgjerande for eit vellukka resultat.

Tenester til rusavhengige skal i stor grad ytast frå ordinære tenester, og rusavhengige skal ha lik tilgang som andre. Deira problemområde og behov er ofte særskilte, og krev innsats frå ulike delar av hjelpeapparatet. Det er viktig at tenestene sørgjer for å tileigne seg naudsynt kompetanse for å handtere desse oppgåvene, ha ei klar ansvarsfordeling og at tiltaka er målretta.

Det har dei seinare åra vore reduksjon på tal døgnplassar i spesialisthelsetenesta innan psykisk helsevern. Dette har medført at kommunane har fått eit større ansvar for brukarar med omfattande rusproblematikk (Meld. St. 26, 2014-2015). I Gloppen har vi erfaring med at vi manglar bustader som er eigna til denne gruppa. Det handlar om eigna lokalisering og ofte også om bemanning med rett kompetanse og gode føresetnader for å yte gode tenester til denne gruppa. Vi har nokre tilsette som har teke vidareutdanning på området rus, dette vert det truleg viktig å satse meir på i framtida for å sikre denne gruppe gode tenester.

7.2 TILTAK FOR Å STYRKE SAMARBEID OG SAMHANDLING

Sjølv om psykisk helseteneste skal ha eit særskilt ansvar for å følgje opp rusavhengige, inneber ikkje det at dei skal ta på seg alle oppgåvene. Store deler av hjelpeapparatet, som fastlegane, NAV og heimetenesta og barnevernstenesta, må samarbeide til beste for brukaren og pårørande. Psykisk helseteneste, heimetenesta og NAV har ei viktig rolle i oppfølginga i brukaren sin kvardag. I dette arbeidet er informasjon til klienten, samarbeid i hjelpeapparatet, rutinar og ei oversiktleg og klar ansvarsdeling viktige stikkord. Brukaren har rett til å få utarbeidd ein individuell plan. Pakkeforløp psykisk helse og rus peikar på desse nemnte kriteria for å kunne gje brukartilpassa tilbod i kommunen, og samarbeid mellom tenesteinstansane i spesialisthelsetenesta.

7.3 DELTAKING, ARBEID OG AKTIVITET FOR RUSAVHENGIGE

Arbeid og aktivitet i kvardagen er viktig for alle. Å ha eit arbeid å gå til skaper mestring, moglegheiter og følelsen av å vere ein del av eit fellesskap. Arbeid til alle er eit overordna mål og ein hovudstrategi i arbeidet mot fattigdom. Dette krev eit solidarisk arbeidsliv som legg til rette og der det er høve til å delta på tross av sjukdom eller funksjonstap.

Kommunen har gjennom NAV og arbeidsmarknadsbedrifta Mona Vekst høve til å prøve ut arbeidsevne og gje tilbod om aktivitet/arbeid, gjennom bruk av varig tilrettelagde arbeidsplassar og midlertidige aktivitetsplassar. Kommunen i NAV har også fleire tiltak og virkemidler som brukes til å stimulere til arbeid og aktivitet. NAV og Helse Førde har også inngått et samarbeidsprosjekt der ein har tilsatt eigne jobbekspertar i helseforetaket, som jobber opp mot brukere som av ulike grunner har vanskeligheter med å komme seg inn på arbeidsmarkedet.

7.4 BUSTADER TIL RUSAVHENGIGE

Kommunen ansvar for å skaffe vanskelegstilte bustad. Dette gjeld også rusavhengige, då dei ofte ikkje er i stand til å skaffe seg bustad på den opne marknaden, anten p.g.a. manglande økonomi eller manglande buevne. Behovet kan vere i ein akutt og avgrensa periode, som etter lengre behandlingssopphald, eller det kan vere varig. Kommunen har ein eigen [bustadpolitisk handlingsplan](#) der bustad til vanskelegstilte er eit av fleire tema, denne planen går derfor ikkje nærare inn på dette i detalj. Etter at bustadpolitisk handlingsplan vart revidert sist, er det etablert to kommunale bustader som er meint for rusavhengige, og der psykisk helseteneste følger dei opp.

7.5 ETTERVERN OG PÅRØRANDEGRUPPE

NAV formidlar at det eksisterer ei ettervernsgruppe i kommunen, som vert dreve på frivillig basis. Dei får støtte til å delta på kurs/samlingar og dekke utgifter til leige av lokale til møta sine. Grappa har eksistert i mange år.

Gjennom heile førre planperiode har det ikkje vore nokon pårørandegruppe i Gloppen. Til tross for at det var sett opp som tiltak i førre plan har vi ikkje klart å sjekke ut behovet for, og om det er ønske om å etablere ei slik gruppe. Dette er noko også helse- og omsorgsplanen slår fast at vi skal gjere, som ein del av ei større satsing på samarbeid med pårørande.

7.6 TILTAK RETTA MOT RUSAVHENGIGE I PLANPERIODEN

Formelt sett er ansvaret i tabellen under lagt til kommunedirektøren, som igjen har delegert oppgåvene til dei som er oppsette som «ansvarlege».

1. Halde ved like og vidareutvikle samarbeidet mellom dei aktuelle tenesteområda rundt dei rusavhengige og deira pårørande.
Ansvar: Psykisk helseteneste, i samarbeid med NAV, heimetenesta og rusposten på Eid
2. Auke kommunen sin kompetanse på pårørandearbeid innan rus, og sjekke ut om det er behov og ønskje om å få etablere ei pårørandegruppe lokalt.
Ansvar: Psykisk helseteam/ dagtilbod psykisk helse i samarbeid med NAV og heimetenesta.
3. Sikre kompetanse på fagområda psykisk helse og rus gjennom vidareutdanning for dei tilsette og rekruttering av nytilsette.
Ansvar: Helse- og omsorgssjef
4. Utvikle kommunalt akutt døgntilbod (KAD-plassane) på omsorgssenteret slik at dette vert eit godt tilbod for menneske med den aktuelle målgruppa med psykiske helseproblem og eller rusproblem.
Ansvar: Helse- og omsorgssjefen

DEL II – LØYVEPOLITISK DEL

8 KOMMUNEN SIN LØYVEPOLITIKK

Planen legg til grunn at kommunestyret ikkje skal gje løyve eller gjere vedtak i enkeltsaker. Formannskapet har den generelle avgjerdsretten for tildeling av alminnelege kommunale sals- og skjenkeløyve. Helse- og omsorgsutvalet har uttalerett i alle løyvesaker som blir lagt fram til politisk behandling.

Kommunedirektøren har fullmakt til å godkjenne skifte av styrar og/eller varastyrar i løyveperioden.

Løyve til skjenking for eit enkelt høve, løyve til utvida skjenking og ambulerande løyve blir gjeve av kommunedirektøren. Dette gjeld også salsløyve for eit enkelt høve, som det opnast for i kap. 9 i denne planen.

8.1 LØYVEPERIODE

Den alminnelege løyveperioden er ikkje tidsavgrensa. Løyve som ikkje har vore nytta på eitt år blir inndrege.

8.2 FORKLARING PÅ ULIKE TIDSAVGRENSA LØYVE

Ambulerande løyve er eit løyve som kan gjevast til slutta lag. Løyvet er på førehand ikkje knytt til einbestemt person eller skjenkestad. Løyvehavar og skjenkestad blir godkjent i kvart enkelt tilfelle. Gloppen kommune har to ambulerande løyve. Sjå [alkohollova](#) § 4-5.

Slutta lag er selskap eller ei samling for eit bestemt formål med inviterte namngjevne gjester. Kven som er skal inviterast, må vere avgjort før skjenkinga kan starte.

For **private arrangement**, som ikkje kan definerast som slutta lag, gjeld reglane i [alkohollova](#) § 8-9.

Løyve for eit enkelt høve er eit løyve som kan gjevast til arrangement og tilskipingar som er opne for folk flest. Det blir berre gjeve løyve til sal og skjenking av øl og vin, og anna alkoholhaldig drikke med inntil 4,75 % for eit enkelt høve.

8.3 BEHANDLING AV SØKNADER

Søknader om alminneleg løyve skal leggjast fram for politiet og sosialtenesta til uttale før løyve blir gjeve. I tillegg skal det innhentast skatteattest frå skatteoppkrevjaren i den kommunen der søkjaren og andre personar som har vesentleg innverknad på verksemda er heimehøyrande.

8.2.1 Løyve skal ikkje gjevast dersom:

1. Politiet har merknader til vandelen til søkjaren eller andre som har vesentleg innverknad på verksemda, dersom tilhøvet har noko med alkohollova å gjere, eller anna lovgjeving som har samanheng med formålet i alkohollova.
2. Søkjaren, eller andre som har vesentleg innverknad på verksemda har uoppgjorte skatte- og avgiftsrestansar.

8.2.2 Det blir ikkje gjeve alminneleg sals- eller skjenkeløyve der sals- eller skjenkestaden:

- a. ligg i eller ved typiske bustadområde
- b. er kiosk, bensinstasjon eller gatekjøken
- c. er ei verksemd knytt til eller samlokalisert med mosjons- og idrettsaktivitetar

9 SALSLØYVE FOR ØL

Gløppen kommune tillét sal av øl og rusbrus i butikk. Føresetnadene for tildeling av salsløyve er at utsalsstadene er godkjende av Mattilsynet, og at salsstyrar og varastyrar har greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Salstida skal haldast innanfor:

- kl 09:00 – 20:00 på kvardagar
- kl 09:00 – 18:00 på laurdagar og dagar før helgedagar*.

* 30. april og 16. mai blir ikkje rekna som dag før helgedag i denne samanheng viss desse dagane ikkje er på ein laurdag. Dagen før Kr. Himmelfartsdag reknast heller ikkje som dag før helgedag jamfør alkohollova.

Salsløyve for øl i butikk omfattar ikkje utkøyring, berre utlevering over disk.

Merknad frå kommunedirektøren: Utkøyringsforbodet gjeld ikkje når kjøpar har fått tildelt kommunalt skjenkeløyve (ambulerande eller for eit enkelt høve).

Salsløyve for eigenprodusert øl og cider kan tildelast etter kap. 11.

Løyve til nettsal

Det kan innvilgast salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (øl/cider/rusbrus) for sal på nett dersom selgjar bruker postens teneste VØT 1082 «sosial kontroll» i si utlevering av varene, eller på anna vis kan dokumentere forsvarleg utlevering innanfor ordinær salstid, i eit lokale der det allereie er ei verksemd med salsløyve. (Dette er eit tillegg som vart vedtatt i kommunestyret 13. desember 2021, saka var på høyring i 6 veker i forkant av vedtaket.)

Salsløyve for eit enkelt høve

Det kan innvilgast salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (øl/cider/rusbrus) for enkelt

arrangement som ikkje er omfatta av eit fast salsløyve, og som strekker seg over periode på inntil 7 dagar, etter ein heilheitsvurdering av type arrangement, beliggenheit, målgruppe og fastsett program. Ved større arrangement skal uttale hentast frå politi.

10 SKJENKELØYVE

For å få tildelt alminneleg skjenkeløyve må verksemda ha godkjent serveringsløyve og vere godkjent av Mattilsynet. For å ta i bruk tildelt løyve, må skjenkestyrar og varastyrar ha greidd kunnskapsprøva etter alkohollova.

Ved behandling av søknader om tildeling av skjenkeløyve, skal det takast omsyn til:

- trafikksituasjonen og det ordensmessige
- om søkjar kan dokumentere godt vakthald og gode rutinar for handheving av offentlege eller eigne fastsette aldersgrenser
- at det ikkje er speleautomatar eller føregår pengespel i same lokale som det blir skjenkt.

Tildelt skjenkeløyve gjeld for definert og godkjent areal. Vesentlege endringar i løyveperioden krev ny godkjenning.

Skjenkeløyve for eigenprodusert alkoholhaldig drikk kan tildelast etter kap. 11.

10.1 SKJENKELØYVE FOR ØL OG VIN

Alminneleg skjenkeløyve for øl og vin kan tildelast:

1. Overnattingsstader, definert som hotell, motell og pensjonat.
2. Serveringsstad med eige kjøkken
3. Diskotek og pubar
4. Utandørs serveringsareal, dersom arealet er klart avgrensa og ligg i naturleg tilknytning til skjenkearealet innandørs
5. Selskapslokale
6. Helse- og omsorgsinstitusjonar
7. Den eller dei som har tilverkingsløyve.

10.2 SKJENKELØYVE FOR BRENNEVIN

Skjenkeløyve for brennevin kan tildelast:

1. Overnattingsstader definert som hotell, motell og pensjonat. Overnattingsstaden skal ha;
 - rom med dusj/bad og toalett
 - resepsjonsservice
 - serveringslokale
 - salongareal med god standard

2. Restaurant, serveringsstad og pub
3. Slutta lag ved enkelte høve (ambulerande løyve)

10.3 LØYVE FOR EIT ENKELT HØVE, UTVIDA SKJENKING OG AMBULERANDE LØYVE

Løyve til skjenking for eit enkelt høve, løyve til utvida skjenking og ambulerande løyve blir gjeve av kommunedirektøren. Det skal søkjast på fastsett skjema, som hovudregel minst tre veke før arrangementet/hendinga. Følgjande gjeld i tillegg:

- Det skal ikkje gjevast løyve for arrangement der barn og ungdom under 18 år er i målgruppa.
- Løyve til skjenking for eit enkelt høve omfattar skjenking av vin og øl, samt anna alkoholhaldig drikke med inntil 4,75%
- Løyve til utvida skjenkelokale kan gjevast til verksemder som har alminneleg løyve. Det utvida løyvet skal ha same omfanget som det alminnelege løyvet
- Dei to ambulerande skjenkeløyva kan tildelast etter alkohollova § 1-6 og omfatte både øl, vin og brennevin. Ambulerande løyve kan berre gjevast til slutta lag
- Det skal betalast gebyr for tildeling av ambulerande løyve og løyve for eit enkelt høve i samsvar med kap. 12 i planen.

Skjenketida skal følgje normaltida for skjenking etter kap 10.4 i planen.

10.4 SKJENKETIDER FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN

Normaltida for skjenking av øl og vin er:

- kl 08:00 – 01:00 søndag – torsdag
- kl 08:00 – 02:00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar*.

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- kl 13:00 – 01:00 søndag – torsdag
- kl 13:00 – 02:00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar*.

Spesielt for uteservering:

- kl 13:00 – 24:00 søndag til torsdag
- kl 13:00 – 01:00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar*.

Kommunedirektøren har fullmakt til å fråvike normaltida for skjenking i særskilde høve.

All skjenking skal vere innanfor normaltida. Utskjenka alkohol skal vere oppdruken seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

- * Skiftande helge- og høgtidsdagar er i denne samanhengen: 1. nyttårsdag, skjærtorsdag, 2. påskedag, 1. mai, 17. mai, 2. pinsedag og 2. juledag.

11 SAL OG SKJENKING AV EIGENPRODUKSJON

Den eller dei som har tilverkingløyve kan tildelast sals- og skjenkeløyve av eigenproduserte varer etter reglane i alkohollova. For å få dette må ein søkje om eitt av følgjande løyve:

- Kommunal salsløyve med rett til produksjon/tilverking for sal i eiga veksemd direkte til forbrukar.
- Kommunal skjenkeløyve med rett til produksjon for skjenking i eiga veksemd.

Vidaresal/engrossal

Ved vidaresal til restaurant, butikk og andre, er det krav om statleg produksjonsløyve. Då må verksemda også registrerast hos Skatteetaten som avgiftspliktig verksemd.

Hovedreglane i alkoholloven kapittel 6 – tilvirking (produksjon)

«§ 6-1: Bevilling gitt av departementet eller etter § 3-1b første ledd: (Salgsbevilling) § 3-1b første ledd: Hvis kravene i § 1-7 f første ledd er oppfylt (tilvirking skal skje ved salgsstedet og tilvirkingen og salget utgjør en del av stedets helhetlige karakter og salgstilbud) kan bevillingen utvides til å omfatte tilvirking for salg i egen virksomhet.»

12 GEBYR FOR SAL OG SKJENKING

Det skal betalast gebyr for sals- og skjenkeløyve i samsvar med sentrale forskrifter. Det er gebyr på ambulerande løyve og løyve for eit enkelt høve, med den maksimumssatsen som forskriftene opnar for. Kommunedirektøren har følgjande fullmakter:

- Fastsette fristen for innrapportering av omsetningsoppgåvene
- Fastsette gebyret til den enkelte verksemd

Løyvehavar skal innan fastsett frist levere revisorattestert oversikt over kor mykje alkoholhaldig drikk som er seld eller skjenka ut føregåande år, med spesifisering av liter øl, vin og brennevin. Dersom slik dokumentasjon ikkje blir levert, skal løyvet inndragast.

Det er innarbeidd praksis at kommunedirektøren fastset halvt gebyr til verksemdar som har sær låg omsetning. Denne praksisen blir vidareført.

13 KUNNSKAPSPRØVE OM ALKOHOLLOVA

Den som skal selje eller skjenke alkohol etter kap. 9-11 i denne planen, må ha gjennomført kunnskapssprøve etter § 1-7 c i alkohollova. Kommunedirektøren har ansvaret for å følgje opp kravet om dokumentert kunnskap.

Før kandidaten kan ta prøven må han/ho ha betalt gebyr i samsvar med kap. 5 i alkoholforskrifta. Ved ny prøve må nytt gebyr betalast.

14 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVE

Det politiske ansvaret for kontroll med tildelte sals- og skjenkeløyve er lagt til formannskapet. Kommunedirektøren har ansvaret for den løpende kontrollen. Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kommunen brukar innleigd kontrollør til å gjennomføre lovpålagde kontrollar med sals- og skjenkestadene i kommunen. Skjenkestader som har heilårleg drift får minst tre kontrollar i året.

Også skjenkeløyve gitt for eit enkelthøve slik som festivalar, bygdakveldar mm. kan få kontrollar, samt ambulerande skjenkeløyve for lukka lag.

Alle som sel tobakk er pliktige til å registrere seg i Tobakksalsregisteret, både salsstader og grossistar. Dette inkluderer også sal av e-sigarettar, gjenoppfyllingsbeholdarar, urtebaserte røykeprodukt og andre tobakksurrogatar. Same kontrollør som har alkoholkontrollen kontrollerer også salsstadane for tobakk.

14.1 REAKSJONAR VED ULOVLEG SAL OG SKJENKING

Ved brot på alkohollova eller andre reglar som har samband med alkohollova sitt formål, etter vilkåra for løyve etter denne planen, skal kommunedirektøren tildele prikkar etter «prikkssystemet» i alkoholforskrifta § 10-3. (Sjå under)

§ 10-3 Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd
- brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften
- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.

Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-4a, § 3-7 og § 4-4
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd
- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:

- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften
- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholloven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften
- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholloven § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd
- gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.

Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholloven § 3-2 og § 4-3
- brudd på reklameforbudet, jf. alkoholloven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften
- andre overtredelser som omfattes av alkoholloven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholloven § 3-1 femte ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

Etter § 10-2 i forskrifta skal løyvet inndragast èi veke dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år får tildelt til saman 12 prikkar. Dersom løyvehavar i løpet av toårsperioden får tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande. Etter § 10-4 kan det utøvast skjønn ved tildeling av prikkar ved «heilt spesielle og svært formildande omstende» og ved «svært skjerpande omstende». Skjønnet blir utøvd av kommunedirektøren. Tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Kommunedirektøren sitt skjønn kan derfor overprøvast.

14.2 REAKSJONAR VED ANDRE REGELBROT

Det er eit vilkår etter § 1-7b i alkohollova at løyvehavar «og personer som har vesentlig innflytelse på virksomheten, må ha utvist uklanderlig vandel i forhold til alkohollovgivningen og bestemmelser i annen lovgivning som har sammenheng med alkohollovens formål, samt skatte- og avgifts- og regnskapslovgivningen».

Det betyr m.a. at sals- og/eller skjenkeløyve ikkje blir gjeve dersom søkjar og andre som er omtala i § 1-7b i alkohollova har uoppgjorte skatte- og avgiftsrestansar eller ikkje har levert oppgåver som er nødvendig for å fastsette skatt og avgift. Tilsvarande blir eit gjeve løyve trekt inn dersom løyvehavar m/fleire ikkje betalar ilagt skatt og avgift eller ikkje leverer oppgåver som er nødvendig for å fastsette dette.

Sals- og skjenkeløyvet kan også bli inndrege dersom løyvehavar eller andre som er vesentleg involverte i verksemda i løyveperioden blir straffa for lovbrøt som har med alkohollova og lova sitt formål å gjere.

Kommunedirektøren har fullmakt til å inndra løyvet etter dette kapitlet straks kommunedirektøren er kjent med tilhøve som gjev grunnlag for inndraging. Før inndraging skal verksemda varslast på trygg måte. Ved første gongs inndraging blir løyvet gjeve tilbake når tilhøve som gjev grunnlag for inndraging er ordna opp. Frå andre gongs inndraging, avgjer formannskapet om og når løyvet skal gjevast tilbake.

Inndraginga skal rapporterast til formannskapet på første møte.

15 SKJENKING I KOMMUNALE BYGG M.M.

Det skal som hovudregel ikkje gjevast løyve til skjenking av alkohol i kommunale bygningar, som er i kommunal bruk. Trivselshagen på Sandane er ikkje omfatta av dette punktet. Dispensasjon frå hovudregelen kan gjevast ved enkelte høve som til dømes feiring av bursdagar, bryllaup eller andre slutta lag.

Det kan opnast for tildeling av skjenkeløyve i kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar.

Det skal ikkje serverast alkoholhaldige drikkevarer når Gloppen kommune er vertskap, og kommunen dekkjer ikkje utgifter til kjøp av alkohol.